

HØYRING – NY SLAMFORSKRIFT FOR DELTAKERKOMMUNANE I SUNNFJORD MILJØVERK IKS

På styremøte 8. oktober 2025 vedtok styret i Sunnfjord Miljøverk IKS følgjande:

«Styret i SUM legg framlegg til revidert «Forskrift for tømning av slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg for eigarkommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord» ut på høyring med frist 1. desember 2025 før endeleg vedtak i eigarkommunane.»

Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) står for tømning av slam frå eigedomar i kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord som har ulike typar slamanlegg. Dei nemnde kommunane vedtok felles forskrift om handsaming av slam og slamtømming, som fekk verknad frå 01.01.2021.

I gjeldande forskrift frå 2021, har SUM vore både operatør og hatt mynde til å treffe enkeltvedtak og føra tilsyn med dei private slamanlegga.

På bakgrunn av dei erfaringar SUM og kommunane har gjort seg, har ein no ynskja å fordele ansvar og oppgåver på ein noko anna måte enn forskrifta frå 2021 legg til grunn. Ein har òg sett eit behov for å klargjere og presisere enkelte omstende knytt til handsaminga av slam, slik at det vert meir tydeleg for dei eigedomar som er omfatta av forskrifta.

Kommunane som er deltakarar i SUM har dermed utarbeida eit forslag til ny felles forskrift om slam og slamtømming i kommunane.

Den nye slamforskrifta er basert på innhaldet som fylgjer av gjeldande forskrift, men det er samstundes gjort ei viktig endring med omsyn til kven eigedomane skal forhalda seg til. I den nye forskrifta vil det vere den enkelte kommune som er kontaktpunkt og har naudsynt mynde når det gjeld søknadar, tillatingar, tilsyn, kontroll og sanksjonar. SUM si rolle etter den nye forskrifta er å vere operatør og skal framover vere den som samlar inn og handsamar slammet.

Forslaget til ny slamforskrift vert no sendt ut på høyring, og vil vere tilgjengeleg på nettsida til SUM og hos kommunane. I høyringsperioden kan det sendast inn innspel og merknader til forslaget.

Når høyringsperioden er over, vil mottatte uttaler, innspel og andre merknader, handsamast og eit endeleg forslag til ny felles slamforskrift vil bli handsama av kommunestyret i kvar kommune.

Når forskrifta er vedteke i alle kommunane, vert den kunngjort i Norsk Lovtidende og vil bli tilgjengeleg på lovdata.no.

Høyringsuttaler, innspel og andre merknader til forslaget, skal sendes skriftleg og fortrinnsvis elektronisk til SUM: uttaleslamforskrift@sum.sf.no / sumavfall.no/, eller per ordinær post til Sunnfjord Miljøverk IKS, Naustdalsvegen 1B, 6800 Førde.

Høyringsfristen er satt til 1. desember 2025.

Med venleg helsing

Tore Dvergsdal
Dagleg leiar
Sunnfjord Miljøverk